



Kjetil Tufte
Rosslandsvegen 336
5918 Frekhaug

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/2086 - 23/22139

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
20.03.2023

Svar på førespurnad om søknadsplikt ved terrenginngrep - gbnr 322/71 Mjåtveit

Vi viser til din førespurnad om søknadsplikt ved terrengendring på eigedomen gbnr 322/71 journalført mottatt 03.03.2023, samt til telefonsamtale i byggesaksvakta 27.02.2023. Vi beklagar sein tilbakemelding.

Det går fram av saksbehandlingsforskrifta, SAK 10, at mindre terrenginngrep er unntatt søknad og løyve på gitte vilkår. Tiltaket må mellom anna ikkje føra til større avvik frå opprinnleg terrengnivå enn 1,5 meter i tettbygd strøk, vidare må tiltaket ikkje vera i strid med lova sine bestemmelsar med tilhøyrande forskrifter, gjeldande plangrunnlag, løyve eller anna regelverk, til dømes naturmangfaldslova.

Eigedomen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Mjåtveitmarka er avsett til byggeområde for frittliggande småhusbebyggelse. Eigedomen ligg også innanfor nedslagsfeltet til Mjåtveitelva. Då gjeldandede plan for eigedomen ikkje har føresegner knytt til avrenning til vassdraget, vil det vera behov for ei konkret vurdering av avbøtande ved etablering av nye tiltak innanfor nedslagsfeltet. Dette medfører at unntaket frå søknadsplikta i forskrifta heller ikkje kan nyttast, og det må sendast inn søknad om løyve til oppfylling av terrenget.

Vår førebels vurdering er at du kan søkja sjølv (tiltak utan ansvarsrett), jf. plan- og bygningslova § 20-4. Du må senda inn søknadsskjema, kart der tiltaket er teikna inn, terrengprofil og ei utgreiing om tiltaket der du gjer greie for avbøtande tiltak.

Søknadsskjema finn du her: [Søknadsskjemaer for byggesak - Direktoratet for byggkvalitet \(dibk.no\)](https://dibk.no)

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Kjetil Tufte

Roslandsvegen 336 5918 Frekhaug